

Årsmelding for Bø orienteringslag 2019

Styret for Bø o-lag har sett slik ut:

Leiar:	Steinar Lande	(På valg)
Kasserar:	Jon Kvisli	(På valg)
Sportslig leiar :	Dag Steinar Ragvin	(På valg)
Styremedlem:	Marijanne Holtan	(På valg)
Kartansvarleg:	Per Chr. Hagen	(Ikkje på valg)
Varamedlem:	Grethe Romnes	(På valg)
Valkomitè:	Jon Solberg	(På valg)
	Eivind Frode Rinde	(På valg)
Revisor:	Lars Sanden og Trude Harstad	

Det har vore 3 styremøte i 2019 (januar, mars og oktober)

Medlemstal og økonomi (av Jon Kvisli)

Medlemstalet i 2019 er 114 som er identisk med 2018.

Regnskapet viser eit overskot i 2019 på kr 28.589, mot eit budsjettert underskot på kr.

36.000. At resultatet er så mykje betre skuldast store tilskot frå Telemark orienteringskrets som vi ikkje visste om i fjor og at budsjettet for kostnad på Breisås sør var satt ca. 15.000 for høgt, fordi noko av kostnaden alt var fakturert og betalt i 2018. Bø o-lag har ein eigenkapital på 305.155 kr pr. 31.12.2019.

Større arrangement

O-laget arrangerte krinsmeisterskap i mellomdistanse for Vestfold og Telemark frå Breisås studentheim søndag 19. mai. 249 deltok. 9 av desse var frå Bø. Tone Nilsen var løpsleiar. Eivind Frode Rinde og Steinar Lande(kontrollør) var løypeleggjarar.

Rekruttering (av Dag Steinar Ragvin)

Vi arrangerte to «Råtassen»-løp i 2019. Det var ved Bø skule 3. og 10. april med henholdsvis 20 og 48 deltakarar.

Skulearrangement i Evjudalen på World Orienteering Day 21. mai. Ca. 110 elever fra Bø skule og Folkestad skule deltok.

I N-løypa starta det 70 (101 i 2018) i vårhalvåret og 51 (38 i 2018) i hausthalvåret. Til saman 121 (139 i 2018) startar.

I C-løypa starta det 42 (142 i 2018) i vårhalvåret og 48 (69 i 2018) i hausthalvåret. Til saman 90 (211 i 2018) startar.

O-troll-leir i Sandefjord (8-12 år) 19. – 20. september. 5 deltakarar + 1 leiar var med frå Bø. Leirdeltakarane deltok i Hedrum o-lag sitt o-løp på sundagen.

Sportsleg aktivitet (av Dag Steinar Ragvin)

Treningsløp

18 treningsløp vart arrangert på onsdagar. Inkludert i desse var 4 haustsprintløp og klubbmeisterskap. Desse klubblopa hadde totalt 575 startar, 32 i gjennomsnitt pr. løp. Deltakinga har variert frå 10 til 57. Tala er ok, men det har vore ein nedgang. Ein årsak til det er truleg at det oftare var dårleg ver på onsdagane i 2019 enn tidlegare år. Siste åra:

- 2013: 720 startar i 20 løp, i snitt 36 pr. løp
- 2014: 860 startar i 21 løp, i snitt 41 pr. løp
- 2015: 725 startar i 20 løp, i snitt 36 pr. løp
- 2016: 755 startar i 20 løp, i snitt 38 pr. løp
- 2017: 926 startar i 19 løp, i snitt 46 pr. løp
- 2018: 791 startar i 18 løp, i snitt 44 pr. løp
- 2019: 618 startar i 18 løp, i snitt 34 pr. løp

181 personar deltok ein eller fleire gonger. Ein viktig årsak til gode tal er truleg sesongstart med rekruttløp rundt påsketider ved Bø skule og Gullbring, men også marknadsføring av rekruttløpa og treningsløpa i Bø blad tidleg. Val av stad/terreng har også mykje å seie. Vi la som vanleg ekstra ressursar i dei fyrste løpa med eigne rekruttansvarlege. Tusen takk til alle arrangørar!

Treningar

Gjennom heile sesongen var det treningar for barn mandag kveld kl. 17:00 – 18:00 frå Breisås studentheim. Elise Støren og Dag Steinar Ragvin veksla på å vere trenarar. Om lag 5 deltok i gjennomsnitt kvar gong. Dei fekk prøve seg på stjerne-o, kurve-o, henge ut postar etc.

Klubbmeisterskap

Klubbmeisterskapet blei arrangert onsdag 12. juni frå skytebanen på Nordbøåsane. 18 deltok i regn- og ruskever. Følgjande blei klubbmeistrar:

D-12	Victoria Støren
H-12	Henrik Romnes
D17-	Tone Nilsen
H17-	Dag Steinar Ragvin
H50-	Jarle Botnen
D70-	Margit Ryen Steen
H70-	Bjørn Steen

Kretsmeistrar og medaljar i KM

Individuelt

D70:	Björg Mostaul	Kretsmeister langdistanse
D17-18:	Elise Støren	Sølv sprint
H21:	Dag Steinar Ragvin	Gull sprint

Stafett 1. september Andebu

H17: Bronse til Bø o – lag lag 2 (Eivind Frode Rinde, Steinar Lande og Jon Solberg)

Resultat frå nasjonale meisterskap og liknande

NM stafett 15. september Skrim/Hvittingfoss, H17

54. Bø o – lag 1 (Eivind Romberg Kvaale, Lars Steinar Hefre og Dag Steinar Ragvin)

Bø o – lag 2 (Eivind Frode Rinde og Steinar Lande. Mikslag med Konnerud IL)

Andre NM

NM langdistanse Skrim/Hvittingfoss: 37. Dag Steinar Ragvin H21

NM ultralangdistanse Bjugn: 26. Dag Steinar Ragvin H21

Veteranmeisterskapet Ringerike

Navn	Klasse	Plass sprint	Plass lang	Plass mellom
Margit Ryen Steen	D70	14	14	12
Björg Mostaul	D70		7	18
Inger Lise Solberg	D75	Fullført	11	6
Synnøve Dalva	D75	Fullført	8	8
Steinar Lande	H45			6
Jon Kvisli	H55	16		
Per Christian Hagen	H65	10	21	17
Hallvard Myrvoll	H70			46
Arne Lande	H70			56
Olav Solberg	H75	31	32	

Anna

Deltaking frå o – laget i nokre andre løp:

Nord Jysk Danmark i mars	25
Sørlandsgaloppen	16
Pinseløp Kongsberg	14
O-festivalen Larvik	12
Drangedalsløpet	11
Vårløp Sandefjord	11
Vårløp Larvik	10
Porsgrunn City Race	10
Bøløpet	9
Notodden	7

Klubben deltok for sjette år på rad i den stemningsfulle natt- og dagstafetten Night Hawk på seinsommaren. I år i Lillomarka, Oslo. Fem Bø-løparar utgjorde eit lag i klassa Night Hawk Men.

Klubbturear

- Nord Jysk 2-dagars i Danmark 15. – 17. mars. 26 deltok på turen.
- Porsgrunn City Race og Skien Fritidspark med badeland og pizza 28. september. 10 var med på turen.

Kartarbeid 2019 (av Per Christian Hagen)

Kartarbeidet i Breisås er fullført. Nærmiljøkart Breisås (ca. 3 km²) blei utgitt i 2018, og nærmiljøkart Breisås sør (ca. 3 km²), som dekker området mellom Midling-løypa og Roegrenda, blei utgitt i 2019. Spelemidler for begge karta er mottatt, til saman 82 000 kr.

Avslutningsfest på Bø ungdomskule

Det er blitt ein tradisjon å avslutte o-året på Bø ungdomskule. Medlemmar i alle aldrar møter opp. 13. november var vi ca. 40 stk. på denne kvelden. Kvelden byr på pizza, quiz, innandørs o-løp, lotteri og premiar til dei yngste i laget. Nokre av premiane til lotteri og dei unge håpefulle er frå lokale sponsorar.

Styret takkar medlemmane og andre som har stilt opp for Bø o-lag i året 2019.

Bø 11. februar 2020.

For styret, leiar Steinar Lande